



## Innkalling Kommunestyret

**Møtedato:** 24.09.2018  
**Møtested:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 18.00

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

### Saksliste

<b>Saksnr</b>	<b>Tittel</b>
067/18	Godkjenning av innkalling og saksliste
068/18	Godkjenning av møteprotokoll
069/18	Meldingar
070/18	Orienteringssak
071/18	Utvida forhandlingsfrist

Dato, 23.09.2018

Per Lerøy  
ordfører

Olav Mongstad  
Assisterande rådmann

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
067/18	Kommunestyret	PS	24.09.2018

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	18/761

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
068/18	Kommunestyret	PS	24.09.2018

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	18/761

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Vedlegg

Protokoll - Kommunestyret - 13.09.2018

#### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

#### Saksopplysninger:



## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 13.09.2018  
**Møtestad:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 18.00 - 19.40

Etter at saklista var ferdig handsama, tok Tore Austrheim opp ei sak:

Trafikken rundt Årås skule

Rådmannen vert beden om straks å setje i gang med oppmerking av kvar biltrafikken no ska gå og stå parkert.

Gro Kaland tok opp den uønska trafikken rundt skulebygga på Kaland.

Assisterande rådmann orienterte om at det er vurdert å setje opp kameraovervåking på begge skulane.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordførar
Siri Kaland	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Merethe Rikstad Tresvik	AP	Medlem
Tore Austrheim	AP	Medlem
Morten Sognes	H	Medlem
Viggo Leirvåg	H	Medlem
Randi Dyrøy	KRF	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem
Petter Lerøy Skårnes	V	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Asbjørn Brandtun	AP
Jorund Stellberg	UAH
Monika Thorpe	AP
Reidar Øksnes	SP
Rikke Heldal Hope	H
Trude Sleire	AP

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Oddmund Vikene	AP	Varamedlem
Solveig Hopen	H	Varamedlem

Magnus Kvingedal	H	Varamedlem
Gro Kaland	SP	Varamedlem

---

**Desse møtte frå administrasjonen:**

Olav Mongstad

---

14.09.2018

Per Lerøy  
ordfører

Olav Mongstad  
ass. rådmann

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
058/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
059/18	Godkjenning av møteprotokoll
060/18	Meldingar
061/18	Orienteringssak
062/18	"Randkommunesamarbeid" i Nordhordland - Statusrapport
063/18	Austrheim vidaregåande skule - Planlegging av framtidaskule
064/18	Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019. Oppnemning av valstyre
065/18	Søknad om fritak som vararepresentant
066/18	Budsjettoppfølging for juli 2018

## **058/18: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **13.09.2018 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 058/18 - 13.09.2018 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **059/18: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **13.09.2018 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 059/18 - 13.09.2018 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **060/18: Meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

## **13.09.2018 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**KS - 060/18 - 13.09.2018 - Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

**061/18: Orienteringssak**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**13.09.2018 KOMMUNESTYRET**

- Assisterande rådmann orienterte om prosjektet Austrheim - frå krise til utvikling
- Ekstra kommunestyremøte om Kommuneplan er flytta frå 4. oktober til 18. oktober
- Forhandlingsutvalet har hatt møte:  
Dei foreslår å utsetja fristen i sak overfor Odd Arne Blindheim og Carsten Søreide til 31.12.2018.  
Det vart halde gruppemøte  
Etter gruppemøtet stilte Jan Erik Espelid (V) framlegg om at saka ikkje skulle realitetshandsamast.  
9 (6 Ap, 2 Krf og 1 Sp) stemte for at saka skulle handsamast  
6 (2 Venstre og 4 Høgre) stemte mot at saka skulle handsamast  
Etter kommunelova kan 1/3 av representantane avvise at ei sak skal realitetshandsamast  
Utfallet er at saka ikkje vert handsama i dette møtet  
Det blir ekstraordinært kommunestyremøte 24.9

**KS - 061/18 - 13.09.2018 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

**062/18: "Randkommunesamarbeid" i Nordhordland - Statusrapport**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Statusrapport vedrørende «Randkommunesamarbeid i Nordhordland vert teke til vitande.

**13.09.2018 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**KS - 062/18 - 13.09.2018 - Vedtak:**

Statusrapport vedrørende «Randkommunesamarbeid i Nordhordland vert teke til vitande.

---



## **063/18: Austrheim vidaregåande skule - Planlegging av framtidaskule**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune ber Hordaland fylkeskommune setja av midlar i budsjett for 2019 til å planleggja utforminga av framtidaskulebygg ved Austrheim vidaregåande skule.

### **13.09.2018 KOMMUNESTYRET**

Framlegg frå Anne Dahle Austrheim Krf:  
Starte vedtaket med: Austrheim kommunestyre.....

Framlegget frå rådmann med endring foreslått av Anne Dahle Austrheim Krf vert samrøystes vedteke

### **KS - 063/18 - 13.09.2018 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre ber Hordaland fylkeskommune setja av midlar i budsjett for 2019 til å planleggja utforminga av framtidaskulebygg ved Austrheim vidaregåande skule.

---

## **064/18: Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019. Oppnemning av valstyre**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Til valstyre vert oppnemnd

- 1.
- 2
- 3
- 4
- 5

Som vara vert oppnemnd:

- 1
- 2
- 3
- 4
- 5

### **13.09.2018 KOMMUNESTYRET**

Siri Kaland, leiar i valnemnda, la fram forslag frå valnemnda

Framlegg frå valnemnda:

Representantar til valstyret:

Per Lerøy (Ap), leiar

Siri Kaland (Ap)

Randi Dyrøy (Krf), nestleiar

Jan Erik Espelid (V)  
Jorund Stellberg (Uavh.)  
Personleg vara i rekkefylgje etter representantane:  
Hardy Pedersen (Ap)  
Merethe R. Tresvik (Ap)  
Reidar Øksnes (Sp)  
Morten Sognes (H)  
Rikke Heldal Hope (H)  
Framlegget vart samrøystes vedteke

**KS - 064/18 - 13.09.2018 - Vedtak:**

Representantar til valstyret:  
Per Lerøy (Ap), leiar  
Siri Kaland (Ap)  
Randi Dyrøy (Krf), nestleiar  
Jan Erik Espelid (V)  
Jorund Stellberg (Uavh.)

Personleg vara i rekkefylgje etter representantane:  
Hardy Pedersen (Ap)  
Merethe R. Tresvik (Ap)  
Reidar Øksnes (Sp)  
Morten Sognes (H)  
Rikke Heldal Hope (H)

---

## **065/18: Søknad om fritak som vararepresentant**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Elisabeth Rahner vert fritatt for vervet som vararepresentant for Krf for resten av perioden.

Liste for Varamedlemmer til Kristeleg Folkepart vert etter dette som fylgjer:

1. Svanhild Vadøy Neteland
2. Rold Sandstad
3. Toril Lohne Hordvik
4. Stein Kåre Løvslett

## **13.09.2018 KOMMUNESTYRET**

Framlegget til rådmannen vert samrøystes vedteke

### **KS - 065/18 - 13.09.2018 - Vedtak:**

Elisabeth Rahner vert fritatt for vervet som vararepresentant for Krf for resten av perioden.

Liste for Varamedlemmer til Kristeleg Folkepart vert etter dette som fylgjer:

1. Svanhild Vadøy Neteland
  2. Rolf Sandstad
  3. Toril Lohne Hordvik
  4. Stein Kåre Løvslett
- 

## **066/18: Budsjettoppfølgning for juli 2018**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Budsjettoppfølgning for juli 2018 vert teke til vitande.

## **30.08.2018 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FS - 065/18 - 30.08.2018 - Vedtak:**

Budsjettoppfølgning for juli 2018 vert teke til vitande.

## **13.09.2018 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 066/18 - 13.09.2018 - Vedtak:**

Budsjettoppfølgning for juli 2018 vert teke til vitande.

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
069/18	Kommunestyret	PS	24.09.2018

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	18/761

### Meldingar

#### Underliggende saker

Saksnummer	Tittel
069/18.1	Møteutskrift frå styremøte 10.09.18 Nordhordland Revisjon IKS
069/18.2	Samarbeidsavtale mellom Austrheim kommune og Nordhordland lensmannsdistrikt - felles politiråd

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

#### Saksopplysninger:

STYRET FOR NORDHORDLAND REVISJON IKS

MØTEUTSKRIFT STYRET

Møtedato: 10. september 2018  
Kl: 0900  
Stad: Nordhordland Revisjon IKS, møterom  
Desse møtte: Lovisa Midtbø (leiar), Magne Rifsgård (nestleiar), Olav Steinar Namtvedt, Margrethe Riple Ådland, Vilgerd Storset Husa, Reidar Hjertås 1.vara.  
Møteleiar: Lovisa Midtbø  
Forfall: Revisjonsjef Reidar Bjørsvik  
I tillegg møtte: Sigrun Tjore, Tonje Husum Aarland (tilsette sin representant)

**SAKSLISTE:**

Sak 11/18 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.  
Sak 12/18 Godkjenning av møteutskrift av 04.06.18.  
Sak 13/18 Meldingar og orientering.

- Orientering om drift og aktuelle saker
- Rekneskap pr 30.06.18
- Lønsoppgjer
- Kommunereform
- Tilsettingsprosess ny dagleg leiar
- Orientering om prosess for etablering av rutiner rundt GDPR

Sak 14/18 Konstituering av revisjonssjef  
Sak 15/18 Endring i husleigeavtale  
Sak 16/18 Budsjett 2019  
Sak 17/18 Økonomiplan 2020-2023  
Sak 18/18 Eventuelt

**Lovisa Midtbø ynskte velkommen til møtet.**

**Sak 11/18 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.**

**Samrøystes vedtak:**

**Det var ingen merknad til møteinnkalling og saksliste.**

**Sak 12/18 Godkjenning av møteutskrift av 04.06.18.**

**Samrøystes vedtak:**

**Møteutskrift 04.06.18 vart godkjent.**

**Sak 13/18 Meldingar og orientering.**

- Orientering om drift og aktuelle saker
- Rekneskap pr 30.06.18

- Lønsoppgjer
- Kommunereform
- Tilsettingsprosess ny revisjonssjef
- Orientering om prosess for etablering av rutiner rundt GDPR

**Samrøystes vedtak:**  
**Styret tek meldingar til etterretning.**

**Sak 14/18      Konstituering ny dagleg leiar**  
Vedlagt innkalling låg avtale om innleige av dagleg leiar frå IHR for perioden 01.10.18 til 31.12.18.

**Samrøystes vedtak:**  
**Elin Bye blir konstituert som dagleg leiar i Nordhordland Revisjon IKS for perioden 01.10.18 til 31.12.18.**

**Sak 15/18      Endring i husleigekontrakt**  
Vedlagt innkalling låg notat frå revisjonssjef om endring av leigekontrakt.

**Samrøystes vedtak:**  
**Husleigekontrakt med Foss Eiendomsselskap AS blir endra slik at NUI IKS blir leigetakar hjå Foss Eiendomsselskap AS og NHR IKS leiger lokaler hjå NUI IKS.**

**Sak 16/18      Budsjett 2019**  
Vedlagt innkalling var det sendt ut framlegg til budsjett 2019.

Styret gjekk gjennom og kommenterte budsjettet.

**Samrøystes vedtak:**  
**Framlegg til budsjett 2019 er vedteke av styret og blir lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.**  
**Styret sitt vedtekne budsjett er vedlagt møteboka.**

**Sak 17/18      Økonomiplan 2020-2023**  
Vedlagt innkalling var det sendt ut framlegg til økonomiplan 2020 – 2023.

Styret gjekk gjennom og kommenterte framlegg til økonomiplan.

**Samrøystes vedtak:**  
**Framlegg til økonomiplan 2020 – 2023 er vedteken av styret og blir lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.**  
**Styret sin vedtekne økonomiplan er vedlagt møteboka.**

Sak 18/18


**Eventuelt**

Kompetanseoversikt til neste møte.


GDPR informasjon, kor langt selskapet har kom i prosessen.

Neste ordinære styremøte ifylgje møteplan er 08.10.2018 kl 12:30.


Knarvik, 10.09.2018



Lovisa Midtbø  
Styreleiar




Magne Rifsgård  
Nestleiar



Vilgerd Storset Husa



Margrethe Riple Ådland



Olav Steinar Namtvedt



Reidar Bjørsvik  
revisjonssjef

Kopi: Ordfører/rådmenn i Nordhordland Revisjon IKS, revisor



**POLITIET**

## **POLITIRÅD**

Samarbeidsavtale mellom Austrheim kommune og  
Nordhordland lensmannsdistrikt



## 1. Formål:

Politirådet er politiets og kommunens formaliserte samarbeidsforum for det lokale kriminalitetsførebyggende arbeidet, for samordning av beredskapsplaner og for arbeid med samfunnssikkerhet.

Gjennom utveksling av kunnskap og erfaring mellom politi og kommune skal politirådet bidra til involvering og gjensidig ansvarsgjering av lokale myndigheter og politiet i det kriminalitetsførebyggende arbeidet og innan beredskap og samfunnssikkerhet.

Hovudoppgåver:

- Inngå avtale om politiråd for å forplikte deltakaranes organisasjonar i politirådet til samhandling og sikre at arbeidet som settast i verk, blir samordna og gjennomført.
- Utvikle forpliktande handlingsplaner slik at befolkninga er sikra heilskapleg førebyggande teneste i sitt lokalsamfunn.
- Bruke kommunens politivedtekter som eit aktivt verktøy for å ivareta kriminalitetsførebygging og trygge lokalsamfunn.
- Jamleg revisjon av kommunens politivedtekter.
- Sørge for heilskapleg samhandling mellom politi, kommune, næringsliv og frivillige organisasjonar/interesseorganisasjonar.
- Sørge for felles forståing av utviklingstrekk i det lokale kriminalitetsbiletet, felles forståing av årsaker som ligg bak og utløysande årsaker, og målretta førebyggande tiltak knytt til kriminalitet, uvisse og sårbarheit.
- Samordne strategiske avgjerder for kriminalitetsførebyggande arbeid, beredskap og samfunnssikkerhet og lage felles handlingsplaner innan desse tema.

## 2. Deltaking:

Politirådet er som eit minimum samansett av representantar frå leiinga i kommunen og leiinga i lokalt politi, der begge parter kan forplikte eigne organisasjonar.

**Minimum faste medlemmer:**

Lensmann i Nordhordland lensmannsdistrikt

Politikontaktar i Nordhordland lensmannsdistrikt

Ordfører i Austrheim kommune

Rådmann i Austrheim kommune

Leiar for oppvekst i Austrheim kommune.

Det vert halde 2 møter pr. år.

Dagsorden til møta sendast ut seinast 1 veke før møtet vert halde. Det skrivast referat som vert arkivert.

### 3. Lokale mål og oppfølging:

Ut frå ei felles situasjonsforståing, venta utfordringar og annan kunnskap har politirådet for perioden blitt einige om følgjande satsingsområde.

- Kjernegrupper i kommunen sine ungdomsskular
- Ungdomsoppfølging / ungdomsstraff
- Trafikkførebyggjande arbeid

Kartlegging og analyse er sentralt for å sikre eit kunnskapsbasert grunnlag for samarbeidet. Politirådet skal aktivt spørje etter kunnskap og bruke kunnskapen som grunnlag for dei tiltak som vert sett i verk innan kriminalitetsførebygging, samfunnssikkerhet og beredskap.

I lys av satsingsområder og kunnskapsgrunnlaget, skal politivedtektene jamleg reviderast, slik at strategiske satsingar også tekne inn der.

I den grad utfordringane påverkar næringsliv eller organisasjonar, skal dei også involverast i arbeidet.

Ungdomskontaktar, politikontakt eller andre utpekte ansvarlige, gis ansvaret for at tilrådingar i politirådet vert følgde opp av kommunen, politiet og andre.

Ved årets slutt skal politirådet evaluere effekten av tiltak som er sett i verk opp mot kriminalitetsutfordringane, i tillegg til eventuelle tiltak som er sett i verk innan beredskap og samfunnssikkerhet.

Eventuelle læringspunkter vert ført vidare til neste års arbeid.

### 4. Gyldighet:

Avtalen reviderast årleg.

Dato : 11. 9. 2018

Kommune: Austrheim

*K. I. Vangberg*  
Lensmann



Ordfører

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
070/18	Kommunestyret	PS	24.09.2018

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit	FE - 033	18/761

### Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger:

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
071/18	Kommunestyret	PS	24.09.2018

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 270	16/886

## Utvida forhandlingsfrist

### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune forlengar forhandlingsfrist til 8.11.2018 jf. kommunestyresak 55/2018.

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

Viser til Kommunestyresak 55/18 av 10.7.2018, samt kommunestyresak 80/17 av 14.12.2017.

Forhandlingsnemnda hadde sitt første forhandlingsmøte 13.september 2018, og partane vart samde om at ein prøver å få kommunestyre i dagens møte til å forlenge fristen frå 2.10.2018 til ut 2018, jf. pkt. 3 i gjeldande avtale, slik at eit forhandlingsresultat kan leggjast fram i samband med kommunestyremøte desember 2018.

Forholdet kring forlenga forhandlingsfrist vart teke opp i samband med sist kommunestyremøte (13.09.2018), men ikkje tilstrekkelege tilslutning i kommunestyre til at ein kunne realitetshandsama forlenga forhandlingsfrist i møte, og difor kallar ordførar inn til ekstra kommunestyremøte for å ta stilling til utvida forhandlingsfrist.

#### Konklusjon

Tilrår at forhandlingsfrist vert forlenga, om ikkje ut året, så til det ordinære kommunestyremøte i november – forlenging heimla i pkt. 3 i gjeldande avtale (kommunestyresak 80/17).